

SALME VED GRAVA
*Fager kveldsol smiler
over heimen ned,
jord og himmel kviler
stilt i heilag fred.*

*Berre bekken brusar
frå det bratte fjell,
høyr, kor sterkt det susar
i den stille kveld!*

*Ingen kveld kan læra
bekken fred og ro,
ingi klokke bera
honom kvilebod.*

*Så mitt hjarta stundar,
bankande i barm,
til eg eingong blundar
i Guds faderarm.*

*Takk for at du kom og var saman med oss i dag.
Familien*

*Prest: Kåre Berge
Organist: Jostein Hauge
Solist: Kjersti Nilsen Torstensen*

VATNE
begravelsesbyrå

© inmemory.no | Design: 1052



Margaret Jenny Storemark

★ 21.04.1931 † 11.05.2023

*Fedje kyrkje
torsdag 25.mai 2023*

PRELUDIUM

Ut mot havet – E. Fliflet Bræin

SOLOSONG

Har du fyr – Ola Bremnes

OPNINGSSALME

*Den fyrste song eg høyra fekk, var mor sin song ved vogga,
dei mjuke ord til hjarta gjekk, dei kunne gråten stogga.*

*Dei sulla meg så underleg, så stilt og mjukt te sova,
dei synte meg ein fager veg opp frå vår vesle stova.*

*Den vegen ser eg enno tidt, når eg fær auga kvila,
der stend ein engel, smiler blidt, som berre ei kan smila.*

*Og når eg sliten trøytnar av i strid mot alt som veilar,
eg høyrer stilt frå mor si grav den song som all ting heilar.*

MINNEORD

SOLOSONG

Den hellige stad – S. Adams

SALME FØR TALEN

*Eg veit i himmerik ei borg, ho skin som soli klåre,
der er kje synder eller sorg, der er kje gråt og tåre.*

*Der inne bur Guds eigen Son i herlegdom og æra
han er mi trøyst og trygge von, hjå honom eg skal vera.*

*Men visst eg veit, ein morgon renn då dødens natt skal enda.
Min lekam opp or gravi stend og evig fryd får kjenna.*

*Me takkar deg til evig tid, Gud Fader, alle sammen,
for du er oss så mild og blid i Jesus Kristus! Amen.*

TALE OG BØN

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt, og makta og æra i all æve.

Amen

SALME ETTER TALEN

Gje meg handa di, ven, når det kveldar, det blir mørkt og me treng ei hand.

La dei ljose og vennlege tankar fylgje oss inn i draumars land.

Lat varmen frå ein som er glad i deg tenne stjerner i mørkaste natt.

Gje meg handa di, ven, når det kveldar, det blir mørkt og me treng ei hand.

Varme tankar og hender som trøystar er som sol over frosen jord.

Kjenne varmen frå ein som er nær deg gjev langt meire enn store ord!

Lat varmen frå ein som er glad i deg tenne stjerner i mørkaste natt!

Gje meg handa di, ven, når det kveldar, det blir mørkt og me treng ei hand.

Sælt å kjenne Guds hand når det kveldar og det stunder mot siste natt.

Trygt å leggje all sut i hans hender og få sovne med englevakt.

Ta avskil med dem som er glad i deg, kjenne varmen ved siste rand,

Med` du vender ditt auge mot himlen, imot ævelands sollyse strand.

POSTLUDIUM

Gabriels obo – E. Morricone